



## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsak nr:	Repr 24/005	Dato:	21.03.2024

### Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks	21.03.2024	tilråding
Representantskapet for Haugaland brann og redning iks	19.04.2024	vedtak
Kommunestyret for eigarkommunane	ikkje fastsett	orientering

## BRANNSTASJONAR – NØKTERN STANDARD

### HANDSAMING:

#### Brannsjefen si tilråding

-

#### Sakshandsaming i styret 21.03.2024

Det vert vist til styresak 24/016, punkt 3 under vurderingar.

#### Tilråding frå styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland tilrår eigarane i å følgje Arbeidstilsynet sin standard for brannstasjonar i vidare arbeid med oppfølging av pålegg om utbetring av brannstasjonar.

#### Sakshandsaming i representantskapet 19.04.2024

#### Vedtak i representantskapet for Haugaland brann og redning iks

### SAKSOPPLYSNINGAR:

Leiar og nestleiar i representantskapet utfordrar 11.12.2023 styret i å vurdere rettleiaren for ein standard og nøktern stasjon i HBRE.

I 2018 var det ikkje noko nasjonal rettleiar for brannstasjonar og HBRE laga ein lokal utgåve til hjelp for kommunane for å innfri krav til ein brannstasjon. I ettertid har Arbeidstilsynet utvikla ein slik rettleiar.

Ut frå dette meiner me at det vil vera naturleg at Arbeidstilsynet sin rettleiar er førande for det arbeidet som skal gjerast for å innfri dei krav som ser sett til arbeidsmiljø, fysisk og organisatorisk. På denne måten unngår me i større grad lokale tolkingar for kva løysingar som skal veljast.

Sjå vedlegg 1.

### VURDERINGER:

Det er ikkje gjort vurderingar i saka (sjå vedlagt sak 24/016)

Haugesund, 21.03.2024

Dag Botnen  
brannsjef

Vedlegg:

1. Arbeidstilsynet sin rettleiar for brannstasjonar
2. Styresak 24/016 – trimrom ved Aksdal stasjon



Det vises til; [Krav til fysisk arbeidsmiljø i brannstasjonar \(arbeidstilsynet.no\)](https://www.arbeidstilsynet.no)

### Krav til fysisk arbeidsmiljø i brannstasjonar

Tilsette ved brannstasjonar blir utsette for arbeidsmiljøfaktorar som kan føre til blant anna kreft. Ved brannstasjonar skal derfor dei fysiske forholda gi vern mot forureining frå brannrøyk, helsefarlege kjemikalier og biologiske faktorar. Spesielt viktig er det å oppfylle kravet om reine og ureine område med dusj mellom.

Brannfolk og feiarar skal vernast mot forureining frå brannrøyk og **biologiske faktorar** i alle arbeidsoperasjonar. Kva krav til utforming av brannstasjonen finst med tanke på fysisk arbeidsmiljø?

Arbeidsgivar må legge til rette for at arbeidstakarane har tilstrekkeleg vern frå alarmen går til arbeidet er slutt. Dette stiller mellom anna krav til gode rutinar i samband med sløkkearbeid, ettersløgking, transport tilbake til brannstasjonen, personleg reingjering og vask og kontroll av utstyr.

For å oppfylle krava til fysisk arbeidsmiljø i brannstasjonar og for å sørge for forsvarlege arbeidsforhold må verksemdene ofte utbetre eksisterande lokale eller planlegge nye brannstasjonar. Ombygging av brannstasjonen kan utløyse søknadsplikt. **I søknaden om Arbeidstilsynet sitt samtykke** må tiltakshavar mellom anna dokumentere løysingar til reine og ureine område.

#### Skil mellom reine og ureine område

Brannstasjonar har krav om reine og ureine område med dusj mellom. For å oppfylle kravet skal

- reint og ureint område vere fysisk fråskilde
- ureint område ikkje ha direkte gjennomgang til dei andre lokala

Arbeidstilsynet stiller ikkje konkrete krav til løysing, men løysinga som er vald, må oppfylle formålet med reint og ureint område.

#### Krav til reint område

For å ivareta krava må reint område normalt ha

- kjønnsdelt fingarderobe med kjønnsdelt toalett og garderober for privat tøy. Brannfolk og feiarar skal ikkje reise til og frå jobb i ureint arbeidstøy.
- utrykningsgarderobe eller grovgarderobe med skap som har avtrekk over skapa eller undertrykk, for oppbevaring av brann- og feiarklede etter vask
- pauserom eller opphaldsrom med moglegheit for å lage mat
- kontor eller møterom
- treningsrom
- reinhaldsrom som er utstyrt for den reingjeringsmetoden som er vald
- soverom med tilgang til dusj og toalett. Dette gjeld ved heiltids brann- og feievesen som har behov for innkvartering.

#### Krav til ureint område

For å ivareta krava må ureint område normalt ha

- kjønnsdelt toalett med tilgang frå vaskehall, vognhall eller kjønnsdelt grovgarderobe
- kjønnsdelt grovgarderobe
- vaskerom til vask av utstyr
- tilgang til barrieremaskin eller industrivaskemaskin – eller rutinar for at tøyet blir vaska utanfor brannstasjonen
- vaskehall eller vaskestad for brannbil og anna utstyr der ein kan ha oljeutskiljar og eksosavsug

#### Krav om dusj mellom reint og ureint område

Mellom reint og ureint område skal det vere dusj, og dusjen skal vere kjønnsdelt.

#### Inneheld helsefarlege og giftige stoff

Det er spesielt viktig å skilje mellom reint og ureint område sidan verneklede og utstyr som er brukte, blir skitne og kan innehalde helsefarlege og giftige stoff. Verneklede er utforma slik at dei kan lufte ut varme.

Utlufting gjer at helsefarlege og giftige stoff kan kome inn i arbeidstøy, som igjen kan bli tatte opp i huda. For å fjerne slike stoff er det viktig at brannfolk og feiarar dusjar når dei er tilbake på brannstasjonen.

Kravet til reine og ureine område gjeld også sjølv om brannstasjonen bruker Skellefteå-modellen. I denne modellen blir branntøy og verneutstyr pakka ned på innsatsstaden der arbeidet er utført. Reine og tørre klede skal takast på før transport tilbake til brannstasjonen. [Sjå eksempel på instruks for behandling av arbeidstøy etter Skellefteå-modellen](#). Modellen fyller ikkje aleine krava til reine og ureine område, men er eit godt forebyggjande tiltak for å redusere risikoen for spreing av mellom anna helsefarlege stoff frå tøy.

---

## Helseundersøkelse og tester av fysisk kapasitet for røyk- og kjemikaliedykkere

**Virksomheter som etter risikovurdering har besluttet å etablere røyk- og kjemikaliedykkertjeneste og anskaffet utstyr til røyk- eller kjemikaliedykking, skal organisere og legge til rette for at helse, miljø og sikkerhet blir ivaretatt under planlegging og utførelse av arbeidet. Det er arbeidsgivers ansvar å sikre at dette inngår i det systematiske helse-, miljø og sikkerhetsarbeidet i virksomheten og at arbeidstakere som skal utføre arbeidet er kvalifisert og helsemessig skikket for arbeidet.**

Arbeidstilsynet har utarbeidet en veiledning som beskriver hvilke helsemessige krav som settes til røyk- og kjemikaliedykkere for at de skal kunne anses å være helsemessig skikket til arbeidet. Veiledningen har som hensikt å gi arbeidsgivere og arbeidstakere nødvendige opplysninger om kravene som stilles til dem og hvordan dette skal forstås. Veiledningen er i tillegg rettet mot helsepersonell som utfører helseundersøkelser og eventuelt tester av fysisk kapasitet.

(...)

### Tester av fysisk kapasitet hos røyk- og kjemikaliedykkere

For å kunne vurdere og dokumentere fysisk kapasitet før ansettelse og gjennom ansettelsesforholdet skal det i tillegg til arbeidshelseundersøkelse gjennomføres minimum årlige øvelser og tester av fysisk kapasitet. Tester er en del av grunnlaget for å kunne vurdere om arbeidstaker er helsemessig skikket for arbeidet som røyk- og kjemikaliedykker. Minimumskravene til arbeidsrelatert funksjonsevne og fysisk kapasitet er de samme uansett alder, kjønn eller om arbeidstakeren er tilsatt i heltids- eller deltidsstilling.

(...)

For unge ansatte med god helse anses to timers trening per uke fordelt på minst to økter som et minimum. Behovet for trening øker med alderen dersom fysisk kapasitet skal kunne vedlikeholdes. Omfanget av treningen bør tilpasses kravene til utførelse av jobben, alder, sykdom mv.

Fortløpende, planmessig trening skal inngå i arbeidstiden. Arbeidsmiljøloven med tilhørende forskrifter omhandler kravene til helse, miljø og sikkerhet når ansatte står til rådighet for arbeidsgiver i henhold til arbeidsavtalen. Ansvaret for å forebygge at nødvendig helse og fysisk kapasitet til å ivareta arbeidet reduseres, anses å tilhøre både den ansatte og arbeidsgiveren.

Den ansatte har forpliktet seg til å stille sin arbeidskraft til rådighet, og medvirke til at arbeidsevnen vedlikeholdes. Av dette følger ansvar for å stille på jobb i en tilstand som gjør det mulig å ivareta kravene som følger av arbeidets art, eksempelvis søvn. Et visst omfang av fysisk aktivitet og trening utenfor arbeidstid anses å være en forutsetning for dette.

Arbeidsgiver har ansvar for systematisk å forebygge redusert helse og fysisk kapasitet hos de ansatte. Behovet for å kartlegge, vurdere risiko og på den bakgrunn iverksette tiltak og planer vil være av vesentlig forskjell for røyk- og kjemikaliedykkere sammenlignet med eksempelvis ansatte som jobber på kontor. Tiltak for fysisk aktivitet og trening for røyk- og kjemikaliedykkere bør tilrettelegges på bakgrunn av eksempelvis treningstilstand, generell helse, rekonvalesens etter sykdom og alder.

Dette følger av krav i særlig

- arbeidsmiljølovens §§: 3-1, systematisk HMS-arbeid. 3-2, særskilte forholdsregler for å ivareta sikkerheten. 4-1, generelle krav til arbeidsmiljøet. 4-2, krav til tilrettelegging, medvirkning og utvikling, 2-1, arbeidsgivers plikter. 2-3, arbeidstakers medvirkningsplikt
- forskrift om systematisk HMS-arbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5, annet avsnitt, stykk 6



## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsak nr:	Styre 24/016	Dato:	18.03.2024

### Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks 21.03.2024 vedtak

## TRIMROM VED BRANNSTASJONAR

### HANDSAMING:

#### Tilråding frå brannsjef

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber om at trimrom vert oppretthalde som eit viktig areal for å oppfylle arbeidsgjevar sine plikter i å legge til rette for eit forsvarleg arbeidsmiljø.

Styret er innforstått med vedtaket i representantskapet 10.11.2023 vedr. ein innsparings- og effektiviseringsplan og vil starte ein prosess for dette arbeidet, ref. sak 23/055.

#### Sakshandsaming i styret 13.12.2023

Styret for Haugaland brann og redning iks støttar vurderingane i saka og ber at prosjektering av brannstasjonar har trimrom som ein minimumsløysing.

Det vert påpeika kostnadsoverslaget som er presentert i saka har manglar med tanke på auka driftskostnadar samt nedskrivning av utstyr. Tiltaket vil likevel vera økonomisk forsvarleg.

Styret påpeikar også tiltaket vil vera av betydning for rekruttering og sikre at tilsette kan stå jobben lengst mogleg. Dette er ikkje å sjå på som eit gode for mannskap, men eit krav ut frå avtaleverk partane i arbeidslivet er bunde opp til.

Det er også vist til ei undersøking der 44 brann- og redningsvesen har respondert på spørsmålet om dei har prosjektert med treningsrom på nye stasjonar samt kva alternative løysingar som er gjennomført om dette ikkje vert gjort.

Nesten utan unntak vert nye stasjonar prosjektert med trimrom. For eksisterande stasjonar som ikkje har tilbodet, er det inngått avtale med treningssenter.

Konklusjon: styret vurderer treningsrom som nødvendig og eit kostnadseffektivt tiltak for ein framdriftsretta brannstasjon.

#### Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber om at trimrom vert oppretthalde som eit viktig areal for å oppfylle arbeidsgjevar sine plikter i å legge til rette for eit forsvarleg arbeidsmiljø.

Styret vurderer investering i trimrom som eit kostnadseffektivt tiltak, som styrkar samhald og arbeidsmiljø og har positiv effekt på å behalda dei tilsette selskapet har i dag og rekruttera nye.

Styret er innforstått med vedtaket i representantskapet 10.11.2023 vedr. ein innsparings- og effektiviseringsplan og vil starte ein prosess for dette arbeidet, ref. sak 23/055.

## Sakshandsaming i styret 21.03.2024

### Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

(få med i vedtak at punkt 3 i saka svarar ut sak 005 til representantskapet)

#### SAKSOPPLYSNINGAR:

##### Historikk:

- 01.12.2023: Hovudverneombod sender ein bekymringsmelding vedr. arbeidsmiljøet ved Aksdal brannstasjon.
- 11.12.2023: Leiar og nestleiar i representantskapet ber i e-post om at styret ser på brannstasjonane med utgangspunkt i at desse skal vera nøkterne og kostnadseffektive. Det vert lagt fram forslag til vedtak.
- 13.12.2023: Styret handsamar e-post frå leiar og nestleiar (sjå over). Det vert gjort følgjande vedtak:  
*Styret for Haugaland brann og redning iks ber om at trimrom vert oppretthalde som eit viktig areal for å oppfylle arbeidsgjevar sine plikter i å legge til rette for eit forsvarleg arbeidsmiljø.*  
*Styret vurderer investering i trimrom som eit kostnadseffektivt tiltak, som styrkar samhald og arbeidsmiljø og har positiv effekt på å behalda dei tilsette selskapet har i dag og rekruttera nye.*  
*Styret er innforstått med vedtaket i representantskapet 10.11.2023 vedr. ein innsparings- og effektiviseringsplan og vil starte ein prosess for dette arbeidet, ref. sak 23/055.*
- 26.02.2024: Kommunedirektør og teknisk sjef i Tysvær kommune har eit teamsmøte med brannsjefen for å drøfte vegen vidare. Ny informasjon som vert lagt fram er at Tysvær kommune har avtale med vektluftarklubben om bruk av deira lokale i Tysværtunet og ber om at dette vert teke med i vurderingane om krav til trimrom på ny brannstasjon.
- 27.02.2024: Hovudtillitsvalt sender ein bekymringsmelding direkte til styret vedr. ny stasjon og treningsfasilitetar. Sjå vedlegg 2.
- 29.02.2024: Ny informasjon i saka vart lagt fram for styret under sak 24/009 - eventuelt. Sjå vedlegg 3. Styret ber dagleg leiar om å løfta saka inn på ny når nytt faktagrunnlag føreligg.
- 05.03.2024: Dagleg leiar ber administrasjonen om å vurdere ny informasjon slik at sak kan leggest fram for styret 21.03.2024.
- 12.03.2024: Leiar logistikk i samarbeid med ei arbeidsgruppe + hovudverneombod sender ei vurdering som bygger på ny informasjon i saka. Sjå vedlegg 4.
- 12.03.2024: Dagleg leiar ber om ein vurdering av eksisterande rettleiing for ein nøktern brannstasjon, jf. vedtak i representantskap 10.11.2023 og e-post datert 11.12.2023.
- 14.03.2024: Vurdering av rettleiar for ein nøktern brannstasjon vert oversendt. Sjå vedlegg 5.
- 14.03.2024: Nito oversender uttale vedr. trimrom.
- 18.03.2024: Tysvær kommune oversender forslag til avtale vedr. trimrom.

## VURDERINGAR:

Saka har auka i omfang og kompleksitet i takt med kva aktørar som etter kvart er involvert. Saka vert vurdert både i formelle og uformelle kanalar og det er både objektive og subjektive vurderingar av den informasjon som er tilgjengeleg. Arbeidsmiljø, økonomi og juss vert løfta inn i saka og tolka noko ulikt basert kva interesse ein har i saka.

Det som er viktig i denne saka og i saker generelt, det er at det skal vera høgde for å ytre seg. Vidare er det viktig at informasjon vert løfta fram til rett organ og beslutningstakar. Til sist er det viktig at det er ein aksept for dei beslutningane som vert teke.

Styret har handsama sak 23/062 tidlegare, men det er i ettertid kome ny informasjon frå Tysvær kommune, men også tillitsvalte i selskapet, som gjer til at saka vert løfta inn for ein ny vurdering.

Informasjon i saka:

Informasjon i sak 23/062	Ny informasjon
1. SFS2404 krev at arbeidsgjevar legg til rette for treningsfasilitetar.	1. Tysvær kommune kan stille til disposisjon lokale i Tysværtunet (Vektløftarklubben).
2. Stasjonsløyising har ein kostnad som er betre økonomisk enn abonnement på treningssenter.	2. Trening som ikkje er tilrettelagt for den spesifikke gruppa kan vera skattepliktig.
3. Stasjonane har allereie mange effektiviseringar som medfører redusert kostnad.	3. Arbeidstilsynet har ein nasjonal rettleiar for brannstasjonar.
4. Tilrettelegging vil også ha økonomisk gevinst gjennom eit forsvarleg arbeidsmiljø der tilsette kan stå i stillinga lengst mogleg.	

Ut frå ny informasjon har HBR vurdert saka på ny der det er vurdert:

1. innfrir løysinga arbeidsgjevar si plikt etter SFS2404? og i så fall
2. kva krav må eventuelt liggja til grunn for ein avtale med Tysvær kommune?

Tidlegare informasjon er kjent for styret og vurdert i sak 23/062.

Ny informasjon:

### 1. Tysvær kommune kan stille til disposisjon lokale i Tysværtunet (Vektløftarklubben).

Tysvær kommune har oversendt forslag til avtale datert 18.03.2024 (vedlegg 9). Vilkår i avtala er:

- Avtale er mellom HBRE og TVK.
- 16 mannskap med personleg medlemskap i TVK, kostnad 1 800,- per mannskap.
- HBRE kan ha fellesaktivitetar på dagtid eller tysdag/torsdag etter 1800.
- Avtala går til og med 2026 med gjensidig oppseiingstid på 6 månadar.

Lokala er vurdert av ei arbeidsgruppe kor type treningsutstyr, tilgjengelegheit og forutsigbarheit samt moglegheiter for å skapa eit fysisk og mentalt godt arbeidsmiljø, tilseier at ei løyising på brannstasjonen er det som må veljast (sjå vedlegg 5).

Eit spørsmål vil vera, men som ikkje kan svarast ut med eksakte tal, korleis vil den fysiske helsa til kvar einskild tilsett påverkast i val av alternativ. Dette må sjåast opp mot kor lenge ein tilsett kan stå i sin jobb og kva kostnaden er med å rekruttere nye tilsette.<sup>1</sup> Det er «god butikk» i å halde dei tilsette i arbeid lengst mogleg der opplæringskostnad per tilsett er 150-200'.

<sup>1</sup> Opplæring av ein tilsett (nettkurs, grunnkurs, røykdykkerkurs, utrykningskjøring og grunnopplæring) har ein kostnad på 150-200' avhengig av funksjon.

## **2. Trening som ikkje er tilrettelagt for den spesifikke gruppa kan vera skattepliktig.**

I vurderinga om brannstasjonar skal ha trimrom eller ikkje, vart det gjennomført ein undersøking blant dei brannvesen som har bygd stasjon i seinare tid. Me fekk 47 svar og det er ein klar norm om at trimrom er ein del av brannstasjonane.

Eit brannvesen la fram ein problemstilling rundt skatteplikt og kva som vert rekna som naturalyting og ikkje. I vår problemstilling er det tolka at me fell inn under krav til at ordninga er skattepliktig.

Sjå vedlegg 6.

## **3. Arbeidstilsynet har ein nasjonal rettleiar for brannstasjonar.**

Leiar og nestleiar i representantskapet utfordrar 11.12.2023 styret i å vurdere rettleiaren for ein standard og nøktern stasjon i HBRE.

I 2018 var det ikkje noko nasjonal rettleiar for brannstasjonar og HBRE laga ein lokal utgåve til hjelp for kommunane for å innfri krav til ein brannstasjon. I ettertid har Arbeidstilsynet utvikla ein slik rettleiar.

Ut frå dette meiner me at det vil vera naturleg at Arbeidstilsynet sin rettleiar er førande for det arbeidet som skal gjerast for å innfri dei krav som ser sett til arbeidsmiljø, fysisk og organisatorisk. På denne måten unngår me i større grad lokale tolkingar for kva løysingar som skal veljast.

Sjå vedlegg 7.

Ut frå ein samla vurdering der informasjon frå kommunen, representantskapsleiar og nestleiar, tillitsvalte og arbeidsgruppe vert vurdert, er tilråding frå brannsjefen at vedtak gjort i styresak 23/062 bør oppretthaldast ut frå at:

1. Det økonomiske biletet er ikkje endra sidan saka vart lagt fram i desember 2023.
2. Arbeidstilsynet krev tilrettelegging for fysisk trening.
3. Arbeidsgjevar har eit ansvar for tilrettelegging for fysisk trening.
4. Det er for mange usikre faktorar rundt fasilitetar og tilrettelegging ved Tysvær vektløftarklubb.

Haugesund, 18.03.2024

Dag Botnen  
brannsjef

Dokument i saka:

3. Sak 23/062 – trimrom ved brannstasjonar
4. Skriv frå verneombod, datert 27.02.2024
5. Sak 24/009 – eventuelt, trimrom ved Akسدal stasjon
6. Skriv frå arbeidsgruppe vedr. vurdering av treningsfasilitetar.
7. Vurdering av HBRE sin rettleiar for ein nøktern brannstasjon
8. Skatteetaten om naturaluytelser
9. Arbeidstilsynet sin rettleiar for brannstasjonar
10. Uttale frå Nito, datert 15.03.2024
11. Forslag til avtale med Tysvær vektløftarklubb.



## Haugaland brann og redning iks

# Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsak nr:	Styre 23/062	Dato:	12.12.2023

### Handsamsingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks 13.12.2023 vedtak

### TRIMROM VED BRANNSTASJONAR

#### HANDSAMING:

#### Tilråding frå brannsjef

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber om at trimrom vert oppretthalde som eit viktig areal for å oppfylle arbeidsgjevar sine plikter i å legge til rette for eit forsvarleg arbeidsmiljø.

Styret er innforstått med vedtaket i representantskapet 10.11.2023 vedr. ein innsparings- og effektiviseringsplan og vil starte ein prosess for dette arbeidet, ref. sak 23/055.

#### Sakshandsaming i styret 13.12.2023

Styret for Haugaland brann og redning iks støttar vurderingane i saka og ber at prosjektering av brannstasjonar har trimrom som ein minimumsløysing.

Det vert påpeika kostnadsoverslaget som er presentert i saka har manglar med tanke på auka driftskostnader samt nedskriving av utstyr. Tiltaket vil likevel vera økonomisk forsvarleg.

Styret påpeikar også tiltaket vil vera av betydning for rekruttering og sikre at tilsette kan stå jobben lengst mogleg. Dette er ikkje å sjå på som eit gode for mannskap, men eit krav ut frå avtaleverk partane i arbeidslivet er bunde opp til.

Det er også vist til ei undersøking der 44 brann- og redningsvesen har respondert på spørsmålet om dei har prosjektert med treningsrom på nye stasjonar samt kva alternative løysingar som er gjennomført om dette ikkje vert gjort.

Nesten utan unntak vert nye stasjonar prosjektert med trimrom. For eksisterande stasjonar som ikkje har tilbodet, er det inngått avtale med treningscenter.

Konklusjon: styret vurderer treningsrom som nødvendig og eit kostnadseffektivt tiltak for ein framdriftsretta brannstasjon.

#### Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber om at trimrom vert oppretthalde som eit viktig areal for å oppfylle arbeidsgjevar sine plikter i å legge til rette for eit forsvarleg arbeidsmiljø.

Styret vurderer investering i trimrom som eit kostnadseffektivt tiltak, som styrkar samhald og arbeidsmiljø og har positiv effekt på å behalda dei tilsette selskapet har i dag og rekruttera nye.

Styret er innforstått med vedtaket i representantskapet 10.11.2023 vedr. ein innsparings- og effektiviseringsplan og vil starte ein prosess for dette arbeidet, ref. sak 23/055.

## SAKSOPPLYSNINGAR:

I samband med oppfølging av tilsyn frå Arbeidstilsynet er det vedteke å bygge ny brannstasjon i Aksdal. I samband med planleggingsfase, er det 11.12.2023 kome e-post frå leiar og nestleiar i representantskapet til styreleiar:

Hei

Med bakgrunn i sist ren skap så opplever vi at økonomi blir et tema som kommer til å være en av viktige fokusområder fremover. På vegne av eierkommunen vil jeg og nestleder i ren skapet sende inn sak til styremøte dere skal ha denne uka.

Sak: Minimumsstandard for stasjoner i Haugaland brann og redning IKS

Fleire av eigarkommunane i HBR skal i nær framtid byggja nye brannstasjonar, for nokre er pålegg frå arbeidstilsynet medverkande årsak til behovet for dette. På bakgrunn av vedtak og grunngjeving i sak 23/014 i representantskapsmøtet 10.11.23, der styret blir bede om å etablere eit innsparings- og effektiviseringsprogram der det blant anna «...vert forutsatt at HBR arbeidar tett med eigarkommunane for å bidra til at nye stasjonar vert realisert på ein nøktern og kostnadseffektiv måte.» Eigarkommunane Tysvær, Karmøy, Vindafjord, Utsira, Sveio og Bokn meiner dette betyr at selskapet skal finne ytterlegare kostnadsreduksjon ved bygging av nye brannstasjonar enn det som ligg til grunn i gjeldande Minimumsstandard for stasjoner i Haugaland brann og redning IKS frå 2018.

Framlegg til vedtak:

1. Ikkje-lovpålagt areal og funksjonar vert tatt ut av prosjektering og bygging av dei nye brannstasjonane der ein er komne lengst i planlegginga
2. Dokumentet Minimumsstandard for stasjoner i Haugaland brann og redning IKS frå 2018 vert revidert iht pkt 1 og lagt fram for representantskapet for vedtak.

Ser frem til et godt samarbeid fremover.

Veileder av 16.10.2018 – brannstasjonar for HBR iks, handsama av representantskapet 10.10.2019, sak 19/021, seier i punkt 2.7:

2.7 Treningsrom Arbeidstilsynet stiller fysiske krav til røkkukkere og brannvesenet som arbeidsgjever plikter å legge til rette for trening jfr. SFS 2404 punkt 1.5. Alle stasjonene skal ha treningsrom som gjør at minimum 2-3 mann kan trene samtidig. ~~Treningsrommet må inneholde~~ nødvendig treningsutstyr til å gjennomføre relevant trening opp mot fysiske krav. Treningsrom på stasjonen vil gjøre at den ~~årlege~~ fysiske testen av brannmannskap kan ~~gjennomføres på stasjonen.~~

Sentral forbundsvis særavtale SF5 2404, som arbeidsgjever- og arbeidstakarpartane, seier i punkt 1.5:

### 1.5 Tilrettelegging for fysisk aktivitet og HMS-arbeid

Arbeidsgiver plikter å legge forholdene til rette for fysisk trening for alle ansatte innenfor brann- og redningstjenesten som har dette som et lovpålagt krav.

Det forutsettes at det innenfor virksomheten utføres et aktivt HMS-arbeid. Dette skal bl.a. kartlegge og beskrive mannskapenes fysiske og psykiske helse i forhold til de oppgaver de skal utføre. I denne forbindelse kan jevnlig gjennomføring av fysisk test være et godt virkemiddel.

Vedtak i representantskapet 10.11.2023, sak 23/014 har under sakshandsaming fastsett:

(...) Det vert forutsatt at HBR arbeidar tett med eigarkommunane for å bidra til at nye stasjonar vert realisert på ein nøktern og kostnadseffektiv måte (...)

Det som skal vurderast i saka er kva som er å rekne som «ikkje-lovpålagt» areal for ein brannstasjon og revidere den interne rettleiar for brannstasjonar ut frå dette. Sjølv om det ikkje står i e-post frå leiar/nestleiar for representantskapet, er me kjent med at saka konkret er knytt opp mot prosjekteringa av Aksdal brannstasjon med eller utan treningsrom. Det er dette arealet som vert vurdert med bakgrunn i kort frist for å framlegge saka til styremøte.

Revidert rettleiar skal leggest fram for representantskapet.

## VURDERINGAR:

### Krav i lov og forskrift

Sjølv om Arbeidstilsynet ikkje krev areal for treningsrom, er eit brann- og redningsvesen pliktig til å innfri sentral forbundsvis særavtale SFS 2404 og skal legge til rette for trening for sine tilsette.

### Løysingar

For Aksdal stasjon er to alternativ vurdert:

1. Treningsrom på stasjonen
2. Abonnement på treningscenter

#### 1. Treningsrom på stasjonen

Dette er norm for dei brannstasjonar som vert ført opp for brann- og redningsvesen rundt om i landet.

Kostnad for 40 m<sup>2</sup> er estimert til kr 35 000,- per m<sup>2</sup> basert på estimat frå Omega Plan As og erfaringstal frå hovudbrannstasjonen. Ved å ta utgangspunkt i nedbetalingsplan for leigeavtalens som er 50 år med ei rente på 2,37 %, vil årleg kostnad vera kr 48 087,-.

#### 2. Abonnement på treningscenter

Løysinga forutset at det er treningscenter tilgjengeleg innanfor krav til gjeldande utrykningstid.

Kostnad for abonnement er ut frå tilgjengelegheit i dag, kr 89 440,- per år. Dette er en rabattert pris etter å ha sendt inn prisførespurnad til aktuelt treningscenter.

Pristilbod er frå eit treningscenter på Frakkagjerd som ligg mindre enn 5 km frå Aksdal stasjon, som er det som kan akseptrast med tanke på avstand og utrykningstid. For brannstasjonar utan vaktordning er brannvesenet avhengig av at tilsette i stor grad oppheld seg i lokalområdet (HBR set i arbeidsavtale krav til heimeadresse og arbeidsstad). Treningscenter eller andre brannstasjonar med lengre avstandar frå Aksdal brannstasjon vil redusere beredskapen.

### Kostnadsreduksjon

Kostnadsreduksjon i samband med bygging av nye brannstasjonar har vore eit fokusområde for HBR sidan oppstart av selskapet. Deltidsstasjonane i HBR er vesentleg reduserte i storleik, teknisk utstyr og funksjonar som ein positiv konsekvens av at vi har hatt søkelys på å finna effektive løysingar med gode synergjar knytta opp mot hovudbrannstasjonen.

HBR har samla fleire tenester og arbeidsoppgåver på hovudbrannstasjonen framfor at desse er etablert på kvar einiskild stasjon.

Rettleiaren som er utarbeidd er utarbeidd saman med tillitsvalde og vernetenesta. Areal som er «kjempe å ha» er teke vekk i dette arbeidet. Trimrom er vurdert som viktig for å leggje til rette for arbeidsgjevar si plikt for å oppretthalde ein god fysisk form. Økonomi er vurdert i denne prioriteringa.

Brann- og redningsvesenet er ei av få yrkesgrupper som har krav til fysisk helse der det også er god økonomi i å halde på tilsette så lenge som råd. Då er investering i treningsrom gunstig utover berre kostnad per kvadratmeter.

Haugaland brann og redning iks er innforstått med at det skal vera nøkterne brannstasjonar for å halde kostnadane nede. Dette arbeidet pliktar me å følgje opp, men me meiner at reduksjon av trimrom ikkje er vegen å gå.

### Prosess

Som ein konsekvens av kort tid for sakshandsaming, har det ikkje vore mogleg å utøve medverknad overfor verneombod og tillitsvalte jf. arbeidsmiljøloven § 6-2 punkt 4 og § 8-1 punkt 1. Eit anna vedtak enn det som brannsjefen legg fram som forslag, må ta omsyn til dette.

Det er også ein usikkerheit i om det implisitt i bestillinga er forventa at etablering av brannstasjonar skal avvastast i påvente av representantskapsmøte til våren 2023. Dette kan i så fall få konsekvensar i Arbeidstilsynet sin oppfølging av pålegg overfor selskapet.

Haugesund, 12.12.2023

Dag Botnen  
brannsjef

Dokument i saka:

1. E-post frå representantskapsleiar og nestleiar, datert 11.12.2023
2. Veileder av 16.10.2018 – brannstasjonar for HBR iks,
3. Sak 19/021 – handlingsplan brannstasjonar, datert 10.10.2019
4. Sak 23/014 – budsjett 2024 med økonomi- og handlingsplan 2024-2027
5. Sentral forbundsvis særavtale SFS 2404
6. E-post til brannsjefen fra verneombud 01.12.2023 (vedlagt)

**Vedlegg: Dokument 6**

**Fra:** Ole Jonny Espevold <Ole-Jonny.Espevold@tysver.kommune.no>

**Sendt:** 1. desember 2023 06:51

**Til:** Dag Botnen <Dag.Botnen@hbre.no>

**Kopi:** torbjla7 <torbjla7@gmail.com>

**Emne:** Ny Aksdal stasjon

Som plassverneombud. Så har jeg nå noen bekymringer arbeidsmiljøet på Aksdal stasjon

Tysvær kommune trenerer kravet om treningsrom, og sier HBRE kan legge til rette for dette på annet sted. Og dermed er det en utsettelse på planlegging og bygging. Det jeg er redd for at HBRE blir presset til å godta å bygge uten. Dette vil gå utover arbeidsmiljøet som begynner å bli presset nå pga at ting tar lang tid og de har sett frem til å få en ny stasjon med gode treningsfasiliteter.

De lurer på om dette er takken for at de til nå har vært lojal med TK og HBRE.

